



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 13.02.2008
Tidspunkt: 15:00 - 19:40

Følgjande medlemmer møtte:

Harald Rydland, ordførar
Gisle Levåg, varaordførar
Wenche Tislevoll
Lars Ove Rimmereid
Agnar Aarskog

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Følgjande varamedlemmer møtte:

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Atle Tornes, rådmann
Edvin Aase, skulesjef i sak PS 008/08

Kristin Meland, møterefereent
Tore Nesbø, driftsleiar i sak PS 008/08

Harald Rydland
Ordførar

Gisle Levåg

Agnar Aarskog

Kristin Meland
Møterefereent

Sakliste:

-
- PS 006/08 Referat og meldingar
PS 007/08 Tariffoppgjeret 2008 - Uttale frå Fitjar kommune
PS 008/08 Romsituasjonen ved Rimbareid barne- og ungdomsskule – vidare arbeid med mogeleg løysingar på kort og lengre sikt.
PS 009/08 Drøfting av NTP 2010-2019
PS 010/08 Fullmakt til rådmannen for å iverksetja nokre investeringar
PS 011/08 Sal av tomt i Håkonar Næringspark, unnateke offentlighet, jf § 5a i off.loven
PS 012/08 Sal av tomt Håkonar Næringspark, unnateke offentlighet, jf § 5a i off.loven
PS 013/08 Avtale om uttak av stein, unnateke offentlighet, jf § 5a i off.loven
PS 014/08 Sal av tomt, unnateke offentlighet, jf § 5a i off.loven
PS 015/08 Sal av tomt Håkonar Næringspark, unnateke offentlighet, jf § 5a i off.loven
PS 016/08 Sprinkleranlegg i FBB, unnateke offentlighet, jf § 5a i off.loven
PS 017/08 Ymse

Før møtet var formannskapet på synfaring på Rimbareid skule.

Møtet vert set kl. 16:00

Innkalling godkjent utan merkander.

Til saklista:

Sak PS 008/08 vert handsama før sak PS 006/08.

Saklista godkjent.

PS 006/08 Referat og meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til vitring.

Behandling i Formannskapet 13.02.2008:

Orientering frå kulturleiar og kontorsjef går ut.

Følgjande vart orientert:

Rådmannen orienterte om samlokalisering NAV-kontor.

Ordføraren orienterte om:

1. Felles formannskapsmøte Fitjar og Stord.
Fitjar sender invitasjon til Stord, møtet vert halde på Fitjar vidaregåande skule.
Ein vil då få informasjon om skulen ved rektor, samt drøfta felles saker.
2. Sunnhordland interkommunale barnevern.
3. E-39 – utviding av bompengerperioden.

Vedtak i Formannskapet 13.02.2008 : (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 007/08 Tariffoppgjeret 2008 - Uttale frå Fitjar kommune

Framlegg til vedtak:

Fitjar formannskap vedtek det ovanståande som sitt innspel til tariffoppgjeret 2008.

Behandling i Formannskapet 13.02.2008:

Representanten Agnar Aarskog (Ap) kom med slikt framlegg til endring:

Ein skal ta utgangspunkt i eit lønsoppgjer på 5% som angitt i statsbudsjettet. Potten bør skjematisk fordelast for å oppnå det som går fram av kulepunkt 1-4 nedanfor.

- Generelt sentralt tillegg 2-3 %
- Sentralt tillegg til store konkurranseutsette grupper, jfr. pkt. 2 ovanfor, maks. 1 %
- Auka tariffavtalen sine satsar for ubekvem arbeidstid, spesielt helg, maks. 1 %.
- Minst 1 % til lokale lønstingingingar.

Innhaldet i kulepunkta tilpassast slik at summen blir 5%.

Vedtak i Formannskapet 13.02.2008 : (Samrøystes)

Fitjar formannskap vedtek som sitt innspel til tariffoppgjeret 2008:

Ein skal ta utgangspunkt i eit lønsoppgjer på 5% som angitt i statsbudsjettet. Potten bør skjematisk fordelast for å oppnå det som går fram av kulepunkt 1-4 nedanfor.

- Generelt sentralt tillegg 2-3 %.
- Sentralt tillegg til store konkurranseutsette grupper, jfr. pkt. 2 ovanfor, maks. 1 %.
- Auka tariffavtalen sine satsar for ubekvem arbeidstid, spesielt helg, maks. 1 %.
- Minst 1 % til lokale lønstingingingar.

Innhaldet i kulepunkta tilpassast slik at summen blir 5%.

PS 008/08 Romsituasjonen ved Rimbareid barne- og ungdomsskule – vidare arbeid med moglege løysingar på kort og lengre sikt.

Framlegg til vedtak:

1. Formannskapet ber administrasjonen koma med ei nærare utgreiing og kostnadsoverslag for fylgjande alternativ for i løpet av 2008 å utbetra og løysa den aktuelle situasjonen ved Rimbareid barne- og ungdomsskule:

- Alternativ 1: Bygging av nytt klasserom på sida av mellomgangen mellom administrasjonsfløy og 6-årsfløy.
- Alternativ 2: Nytt bygg med klasserom i tilknytning til noverande barneskule
- Alternativ 3: Vurdera korleis ein på beste måte kan nytta eventuell ledig kapasitet ved Øvrebygda skule inntil ein har fått tid til ei meir samla og langsiktig vurdering t.d. gjennom arbeid med skulebruksplan for Fitjar kommune.

2. Ei meir langsiktig og heilskapleg løysing av romsituasjonen og elevane sitt fysiske læringsmiljø på Rimbareid barne- og ungdomsskule vil verta omtala og handsama i samband med rullering av skulebruksplanen for Fitjar kommune.

3. Kostnader med planlegging og utgreiing vert å trekkja for godkjent løyving til arbeid med skulebruksplan.

Behandling i Formannskapet 13.02.2008:

Formannskapet var på synfaring på Rimbareid skule før møtet.

Utdelt i møtet:

Sak PS 003/08 frå møte i Arbeidsmiljøutvalet 11.02.08

Rådmannen, driftsleiar Tore Nesbø og skulesjef Edvin Aase orienterte i møtet.

Formannskapet drøfta saka og gjekk inn for alternativ 1, og la bort alternativ 2 og 3.

Det ligg etter dette føre slikt;

Vedtak i Formannskapet 13.02.2008 : (Samrøystes)

1. Formannskapet ber administrasjonen koma med ei nærare utgreiing og kostnadsoverslag for fylgjande alternativ for i løpet av 2008 å utbetra og løysa den aktuelle situasjonen ved Rimbareid barne- og ungdomsskule:

Bygging av nytt klasserom på sida av mellomgangen mellom administrasjonsfløy og 6-årsfløy.

2. Ei meir langsiktig og heilskapleg løysing av romsituasjonen og elevane sitt fysiske læringsmiljø på Rimbareid barne- og ungdomsskule vil verta omtala og handsama i samband med rullering av skulebruksplanen for Fitjar kommune.

3. Kostnader med planlegging og utgreiing vert å trekkja for godkjent løyving til arbeid med skulebruksplan.

PS 009/08 Drøfting av NTP 2010-2019

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet 13.02.2008:

Ordførar Harald Rydland orienterte i møtet.

Fitjar formannskap vil gje slik uttale til NTP 2010-2019:

Uttale i Formannskapet 13.02.2008 : (Samrøystes)

Formannskapet meiner det er positivt at det no vert teke eit løft for å få gjort noko med etterslepet av vedlikehald på vegane som har bygd seg opp over fleire år. Likevel er ein uroa over at det i perioden er sett av så lite midlar til å setja i gang nye prosjekt. Desse prosjekta ville gjeve lågare transportkostnader og auka konkurransekraft for næringslivet. Difor må den økonomiske ramma for perioden aukast med min. 20 %.

Fitjar formannskap vil prioritera slik når det gjeld større investeringsprosjekt i vårt næringsområde:

Ferdigstilling av opprustinga på E 39 over Stord
Omlagging av E 39 frå Os til Bergen
Ferjefri veg mellom Stord og Bergen, med bru over Langenuen

Formannskapet vil elles peika på "Gullvegen" (R 585) som er ein viktig korridor gjennom eit område med svært aktivt næringsliv og stor verdiskaping. Det bør arbeidast for at dette prosjektet med tunnel mellom Fitjar og Austevoll, og tilknytning vidare til Sotra, kan gjennomførast i etterkant av ein indre ferjefri veg. Sunnhordlandsregionen må vera med å halda oppe visjonen om at Austevoll i framtida skal verta landfast.

Når det gjeld vedlikehald, må Sunnhordlandsområdet få sin rettmessige del av dette. Her er mange riks- og fylkesvegar som sårt treng utbetring.

Til slutt vil formannskapet minna om den viktige funksjonen Stord Lufthamn har for distriktet. Det må sikrast at denne kjem med på kortbanenettet og at det vert lagt til rette for anbudsruiter med statleg tilskot.

PS 010/08 Fullmakt til rådmannen for å iverksetja nokre investeringar

Framlegg til vedtak:

Rådmannen får løyve til å gjennomføra hastetiltak som skissert, innanfor ramme kr. 1.062.000.

Under føresetnad av fylkesmannen si godkjenning av låneopptak, får rådmannen løyve til å iverksetja skisserte investeringar innanfor ramma på kr. 937.000 og ymse småinvesteringar med kostnad kr. 150.000 eller mindre, total ramme kr. 1.050.000,-.

Øvrige investeringar vert å handsama i eigne saker.

Behandling i Formannskapet 13.02.2008:

Vedtak i Formannskapet 13.02.2008 : (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 011/08 Sal av tomt i Håkonar Næringspark, unnateke offentlighet, jf § 5a i off.loven

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet 13.02.2008:

Saka vart handsama i lukka møte jfr. § 13.3 i kommunelova.

Formannskapet drøfta saka.

Vedtak i Formannskapet 13.02.2008 : (Samrøystes)

Som framlegg, med følgjande tillegg:

Ordførar og rådmann får fullmakt til å godkjenne avtalen, dersom dei punkta formannskapet peika på, vert endra.

PS 012/08 Sal av tomt Håkonar Næringspark, unnateke offentlighet, jf § 5a i off.loven

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet 13.02.2008:

Saka vart handsama i lukka møte jfr. § 13.3 i kommunelova.

Vedtak i Formannskapet 13.02.2008 : (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 013/08 Avtale om uttak av stein, unnateke offentlighet, jf § 5a i off.loven

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet 13.02.2008:

Saka vart handsama i lukka møte jfr. § 13.3 i kommunelova.

Vedtak i Formannskapet 13.02.2008 : (Samrøystes)

Som framlegg, med følgjande tillegg:

Ordførar og rådmann får fullmakt til å godkjenne avtalen dersom dei punkta formannskapet peikar på vert lagt inn..

PS 014/08 Sal av tomt, unnateke offentlighet, jf § 5a i off.loven

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet 13.02.2008:

Saka vart handsama i lukka møte jfr. § 13.3 i kommunelova.

Rådmann Atle Tornes orienterte i møtet:

Vedtak i Formannskapet 13.02.2008 : (Mot 2 røyster AP og SP)

Formannskapet godkjenner avtale om sal som nemnt i møte.

PS 015/08 Sal av tomt Håkonar Næringspark, unnateke offentlighet, jf § 5a i off.loven

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet 13.02.2008:

Saka vart handsama i lukka møte jfr. § 13.3 i kommunelova.

Ordførar kom med framlegg om å utsetja saken. Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet 13.02.2008 : (Samrøystes)

Saka vart utsett.

PS 016/08 Sprinkleranlegg i FBB, unnateke offentlighet, jf § 5a i off.loven

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet 13.02.2008:

Saka vart handsama i lukka møte jfr. § 13.3 i kommunelova.

Rådmannen orienterte i møtet.

Vedtak i Formannskapet 13.02.2008 : (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 017/08 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet 13.02.2008:

Rådmannen orienterte om:

1. Fitjar kommune har fått 100.000,- i tilskott til klimaplan. Arbeid vert sett i gang.
2. Dagleg leiar på SFMLK – stillinga vil bli utlyst på ny, aktuell kandidat trekte seg. Det er tilsett midlertidig til 30. juni i 80 % stilling.
3. Rekneskap 2007
4. Skatteinngangen 2008.
5. Fitjar kommune sine aksjer i Austevoll kraftlag. Saka vert teke opp til ny handsaming.
6. Prosjekt på Sjøstrand.

Representanten Agnar Aarskog (Ap) hadde fylgjande:

Utsendt brev frå administrasjonen frå Kriminalitetsførebyggjande råd til politikarar. Det bør ikkje sendast skriv med understrekingar og anmerkingar i margin.

Ordføraren orienterte om:

1. Viktig med besøk på institusjonar og verksemder i forbindelse med formannskapsmøta.
 2. Fitjar kommune har 150 årsjubileum i 2010 – dette bør markerast.
 3. Utvikling av interkommunalt samarbeid – IT, byggesak, oppmåling.
 4. Speidarleir til sommaren, 1. uken i august, rundt kulturhuset. Speidarene vil ha "Moahagen" til amfi og rydder busker og kratt sjølv.
 5. Tursti i Rossneset - tilhøva må avklarast. Det er masse dyr i området.
 6. Val av medlem til styret Stiftinga Håkon Den Gode.
- Agnar Aarskog kom med framlegg om ordførar/varaordførar
Harald Rydland vert kommunen sin representant, Gisle Levåg som vararepresentant.

Vedtak i Formannskapet 13.02.2008 :